

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
008/16	Kommuneplanutvalet	06.09.2016
051/16	Kommunestyret	15.09.2016

Saksbehandlar: Ole Vikse  
Sak - journalpost: 15/1676 - 16/23823

---

### **Planstrategi for Hå kommune 2016-2019**

#### **Rådmannen si innstilling:**

Revidert Planstrategi 2016 – 2019 for Hå kommune vert godkjent, jf. plan- og bygningslova § 10-1.

#### **06.09.2016 Kommuneplanutvalet**

Rådmannen si innstilling blei samrøystes vedtatt.

#### **KPU- 008/16 Vedtak:**

Revidert Planstrategi 2016 – 2019 for Hå kommune vert godkjent, jf. plan- og bygningslova § 10-1.

#### **15.09.2016 Kommunestyret**

Kommuneplanutvalet si tilråding blei samrøystes vedtatt.

#### **KS- 051/16 Vedtak:**

Revidert Planstrategi 2016 – 2019 for Hå kommune vert godkjent, jf. plan- og bygningslova § 10-1.

#### **Bakgrunn for saka:**

Etter plan- og bygningslova § 10-1 skal kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode, og

seinast eitt år etter konstituering, vedta ein kommunal planstrategi. I denne planstrategien skal kommunestyret mellom anna vurdere om kommuneplanen skal reviderast og kva andre overordna planarbeid som skal utarbeidast i valperioden.

Kommuneplanutvalet behandla den 7. juni utkast til planstrategi for perioden 2016 – 2019 og vedtok å sende strategidokumentet på høyring og legge det ut til offentleg ettersyn. Høyringsfristen vart sett til 7. august. Det kom inn 9 merknader. Alle merknadene er lagt ved i sin heilskap i vedlegg 1. Desse er kort oppsummert og kommentert i eige vedlegg 2.

Eit korrigert strategidokument blir i denne saka lagt fram for kommuneplanutvalet og kommunestyret til endeleg vedtak (vedlegg 3).

### **Vurdering:**

Dei innkomne merknadane er kort kommentert i eige vedlegg. Rådmannen vil likevel i det følgjande kommentere tre forhold særskilt. Det gjeld spørsmålet om forventa folketalsutvikling dei komande åra og korleis spørsmåla knyta til folkehelse og hovudvegnett på Vigrestad skal behandlast i kommunen sine planar.

### **Folketalsutvikling**

I utkast til planstrategi var det vist til fire ulike alternativ for folketalsutviklinga i kommuneplanperioden fram til 2028:

**Alternativ 0:** Kommuneplan 2014 – 2028. Folkevekst ca 2,1 % per år. Innbyggjartal per

31.12.28: 24 660.

**Alternativ 1:** Redusert folkevekst 2015 – 2020, ca. 1,2 %, deretter som alt. 0. Innbyggjartal

per 31.12.28: 23 485.

**Alternativ 2:** Ei framskriving basert på jamn årleg vekst på 1,2 %. Innbyggjartal per

31.12.28: 21 706.

**Alternativ 3:** Ei framskriving basert på naturleg folkevekst, dvs. innflytting – utflytting = 0.

Folkeveksten blir då lik fødselsoverskotet. Innbyggjartalet per 31.12.28: 20 511.

Etter at strategidokumentet var behandla i kommuneplanutvalet, kom SSB i juni med reviderte prognosar for folketalsutviklinga i kommunane. Desse viser ein noko lågare folkevekst for Hå kommune enn dei som vart lagt til grunn for kommuneplanen i 2014. Med dette som bakgrunn vil rådmannen gjere framlegg om å justere alternativa 1 og 2 i planstrategien slik at ein får følgjande alternativ:

**Alternativ 0:** Kommuneplan 2014 – 2028. Folkevekst ca 2,1 % per år, gjennomsnittleg ca.

298 personar i året. Innbyggjartal per 31.12.28: 24 660.

**Alternativ 1:** SSB MMMM 2016, ca. 1,5 % årleg vekst, gjennomsnittleg ca. 298 personar i

året. Innbyggjartal per 31.12.28: 22 702.

**Alternativ 2:** Redusert bustadbygging. Tek utgangspunkt i MMMM 2016, men med

føresetnad om lågare bustadbygging fram til 2020. Framskrivinga gjer ein gjennomsnittleg vekst på om lag 1 prosent eller 171 personar i året. Innbyggjartal per 31. desember 2028 er 21 428.

**Alternativ 3:** Ei framskriving basert på naturleg folkevekst, dvs. innflytting – utflytting = 0.

Folkeveksten blir då lik fødselsoverskotet. Framskrivinga gjer ein gjennomsnittleg vekst på om lag 0,7 prosent eller 142 personar i året. Innbyggjartalet per 31.12.28: 20 511.

Dei ulike alternativa byggjer på følgjande bustadbygging/bustadbyggingsbehov:

**Alternativ 0:** Gjennomsnittleg 166 per år.

**Alternativ 1:** Gjennomsnittleg 152 per år.

**Alternativ 2:** 2016: 90, 2017: 110, 2018: 130, 2019: 150 og 2020 til 2028: 166 per år.

**Alternativ 3:** Gjennomsnittleg 100 bustadar per år.

Det er mykje som peikar mot at folketalsauken vil bli noko lågare enn det som er lagt til grunn i kommuneplanen. Slik situasjonen ser ut i dag, peikar utviklinga mot at folketalsutviklinga vil bli om lag slik alt. 1 og 2 viser. Sett over heile perioden fram til og med 2028 bygger begge på ei årleg gjennomsnittleg bustadbygging på 152. At alt. 2 gir eit noko lågare folketal i 2028 enn alt. 1 kjem av at dette alternativet har ei redusert bustadbygging i første del av perioden fram til 2020.

Forskjellen mellom bustadbygginga på 166 per år, lagt til grunn i kommuneplanen (alt. 0), og alt. 1 og 2 er på 14 bustadar per år. Sett over heile kommuneplanperioden tilsvarar det bustadbygginga i 1 – 2 år. Sagt på ein annan måte tilsvarar dette at arealreservane i kommuneplanen vil kunne vare 1 til 2 år lenger enn det som er lagt til grunn i kommuneplanen. Dette ligg klart innafor den utryggleiken som alltid vil vere for ein prognose over utviklinga 16 år fram i tid.

Med dette som bakgrunn vil rådmannen tilrå at følgjande konklusjon i strategidokumentet vert ståande (Jf. pkt. 9.1):

*Det er etter dette ikkje tilstrekkeleg erfaring med gjeldande plan eller nye forhold som tilseier at gjeldande kommuneplan for perioden 2014 – 2028, vedtatt i desember 2014, skal reviderast i denne kommunestyreperioden.*

I strategidokumentet er det også drøfta kva folketalsutvikling som skal leggjast til grunn ved utarbeiding av nye sektorplanar og liknande.

Med bakgrunn i SSB sine reviderte prognosar og den konkrete utviklinga som har vore i kommunen i 2015 og 2016, vil rådmannen tilrå at ei folketalsutvikling basert på alt. 2 blir vald. Det vil seie ei redusert bustadbygging fram til 2020, men deretter eit program i samsvar med kommuneplanen (166 bustadar per år). Dette gir eit folketal i 2028 på vel 21 400, noko som er knapt 1 300 færre enn SSB sin reviderte prognose. Som det framgår av gjennomgangen i

strategidokumentet kan dette gje seg utslag i merkbare endringar i behovet for enkelte kommunale tenester, særleg innafor barnehage- og skuleområdet.

### Folkehelse

I Hå kommune sin folkehelseplan er det, med bakgrunn i lokal oversikt over folkehelsa, beskrive fleire utfordringar for folkehelsearbeidet framover. Desse utfordringane er kategoriserte i følgjande tre kategoriar: oppvekst og opplæring, helsevanar og psykiske lidningar og rus.

Hå kommune har nedsett ei folkehelsegruppe som vil anbefale indikatorar i eit løpande oversiktsarbeid for kommunen. Desse indikatorane blir konkretiserte i mål som blir vedtatt og følgt opp gjennom kommunens heilskaplege verksemdstyring. Når det gjeld helsevanar er det nettopp vedtatt ein plan for friskliv, læring og meistring. Kommunen har inngått samarbeid med Nærland rehabilitering og held egne kurs for fleire pasientgrupper på ettermiddagstid med førebyggingsføremål. Hå kommune har nyleg rullert planar innan psykiatri og rus. Det har vore ei auka satsing på begge områda dei siste åra. Hå kommune har satsa sterkt på ungdom som fell ut av vidaregåande skule sidan 2012, noko som nå viser igjen i statistikkane over unge arbeidsledige. Det er satsa på bustader for vanskelegstilte. Kommunen ferdigstilte 4 forsterka bustader for rusmisbrukarar i 2013 og ytterlegare 4 slike bustader i juni 2016. Kommunen vedtok eigen plan mot barnefattigdom i 2015. Spesielt i 2016 har ein kome godt i gang med å få kvinner i flyktningsfamiljar ut i arbeidslivet ved å nytte kvalifiseringsordninga. Innan oppvekst og opplæring er det satsa på reduksjon av mobbing og forsøksordninga med fleire lærarar tidlegare i skulen for utsette elevar. Skule- og barnehagebruksplanane blir reviderte.

På bakgrunn av alle planar som nyleg er vedtatt er Hå kommune dei nærmaste åra i ein gjennomføringsfase og ønskjer derfor inga rullering av samtlege planar før neste periode. Dette kan endre seg om det løpande oversiktsarbeidet avdekkjer ei uventa utvikling. Plan for folkehelse vil i høve til lovverket bli rullert i perioden.

### Omkøyringsveg Vigrestad

Fylkesmannen peikar i sine merknader til strategidokumentet på at spørsmålet om ny omkøyringsveg rundt Vigrestad bør vurderast i ein eigen kommunedelplan.

Prinsipielt er rådmannen ikkje ueinig i at problemstillingar knyta til etablering av nye hovudveggar høyrer heime i ein kommune- eller kommunedelplan. Når det gjeld den konkrete løysinga nordaust for Vigrestad er rådmannen likevel i tvil om at detaljeringsgraden i ein kommuneplan gir tilstrekkeleg grunnlag til å ta standpunkt til spørsmålet.

I 2015 vart del 2 av strekninga frå Kyrkjevegen og fram til Småhaugvegen opna. I økonomiplan 2016 – 19 er det sett av midlar til bygging av neste etappe av denne omkøyringsvegen mellom Småhaugvegen og Grønholtsvegen i 2016 og 2017. Administrasjonen starta planarbeidet for denne vegstrekninga for fleire år sidan. M.a. krav om arkeologiske undersøkingar og forhandlingar med grunneigarane har forseinka planprosessen vesentleg. I samband med varsling av planstart presiserte vegvesenet krav om opparbeiding av rundkøyringar i krysset omkøyringsvegen x Grønholtsvegen og Grønholtsvegen x Langgata samt utviding og opparbeiding av Grønholtsvegen mellom dei to rundkøyringane. Dette er omfattande og svært kostnadskevjangende tillegg.

Gjennom tidlegare vurderingar er det også kjent at dagens løysing for omkøyringsvegen gir

ei stor utfordring nå det gjeld krysset Rundvegen x Langgata. Enten ein planlegg dette krysset med rundkøyning eller to T-kryss, vil fleire bustadhus måtte rivast, og det utan at ein får ei fullgod trafikal løysing. Med utgangspunkt i kommunestyrets ønske om ei vidareføring av omkøyingsvegen heilt fram til Haugstadvegen kan også ei slik omfattande kryssopparbeiding framstå som unødvendig.

Med bakgrunn i desse problemstillingane, og som del av arbeidet med reguleringsplanen for strekninga Småhaugvegen – Grønholsvegen, sett på om det kan finnast andre alternative trasear for omkøyingsvegen nordaust for Vigrestad. På vedlagde skisse er det vist eit alternativ der omkøyingsvegen er forlenga sørover til Aniksdalsvegen, jf. vedlegg 4. I staden for Grønholsvegen er det vist ein ny tilknytingsveg mellom omkøyingsvegen og Langgata lenger sør. Rundvegen er vidareført nordaustover forbi Langgata og fram til denne tverrvegen. Løysinga legg til grunn at dei to rundkøyningane i Grønholsvegen kan gå ut. Vidare kan Langgata frå nord stengast både mot Rundvegen og Aniksdalsvegen og gjere desse kryssa mykje enklare og billegare å løysa. Løysinga kan også inngå som ein del av ein framtidig omkøyingsveg heilt fram til Haugstadvegen. Dette spørsmålet inngår likevel ikkje i føreliggjande problemstilling.

Det er rett at ei slik løysing til ei viss grad utfordrar langsiktig grense mot landbruksområda i området ved Austmarka. Skissene til reguleringsplan for løysinga peikar likevel mot at dette kan ligge i storleik 10 daa. Det er muleg dette kan reduserast ytterlegare, eventuelt kombinerast med ei grensejustering/makebyte i nærliggjande område.

Når rådmannen her har gått så detaljert inn på denne problemstillinga, er det for å illustrera hovudpoenget i spørsmålsstillinga: Det er bare gjennom ein reguleringsplan/detaljplan at desse forholda kan avklårast. Ein kommune(del)plan vil ikkje kunne vere så detaljert at ein i dette tilfelle vil kunne vurdere for eksempel arealbehovet for dei enkelte løysingane.

Konklusjonen frå administrasjonen si side blir derfor at utarbeiding av alternative utkast til reguleringsplan er nødvendig for å kunne samanlikne og ta stilling til løysing for vidareføringa av omkøyingsvegen nordaust for Vigrestad. Som alternativ til ein kommunedelplan vil derfor rådmannen meine at ein reguleringsplanprosess med ei grundig konsekvensvurdering vil gi det beste vedtaksgrunnlaget for denne delen av omkøyingsvegen på Vigrestad.

### **Oppsummering/konklusjon**

Med bakgrunn i høyringsrunden vil rådmannen gjere framlegg om at det vert gjort følgjande endringar i strategidokumentet:

Kapittel 2 blir justert og revidert prognose frå SSB (MMMM) frå juni 2016 blir tatt med. Tidlegare konklusjon om at kommuneplanen ikkje blir revidert i denne kommunestyreperioden blir oppretthalden. Ved utarbeiding av sektor- og temaplanar skal likevel ei alternativ folketalsutvikling basert på SSB sin reviderte prognose, men med redusert bustadbygging fram til 2020, leggast til grunn (Alt. 2).

Sentrale folkehelseutfordringar blir løfta inn i planstrategien og gitt nærmare omtale i planstrategien under kapittel 4. Folkehelseplan vil bli rullert i høve til lovverket i perioden.

Rådmannen vil også oppretthalde framlegget om at spørsmålet om ny omkøyingsveg aust for Vigrestad fram til Haugstadvegen i første omgang blir vurdert i ein eigen trafikk- og transportanalyse. I neste omgang kan resultatet av dette innpassast i kommuneplanen ved neste revisjon. Når det gjeld den delen av omkøyingsvegen som ligg aust for Langgata, frå Småhaugvegen og fram til Aniksdalvegen, viser det pågåande planarbeidet at det er nødvendig med ei detaljert vurdering på reguleringsplannivå for å klarlagt dei fulle konsekvensane av ulike trasealternativ. Dersom fylkesmanne seinare vil krevje at det også må utarbeidast ein kommunedelplan for denne strekninga, bør dette drøftast og avgjerast i

ein dialog med fylkesmannen seinare.

Planstrategidokumentet er oppdatert i samsvar med dette. Endringar er vist med rød skrift.

**Vedlegg:**

Vedlegg 1. Høringsmerknader

Vedlegg 2. Merknadshefte med kommentarar og anbefalingar

Vedlegg 3. Planstrategi 2016-2019

Vedlegg 4. Vigrestad